


KYRKJEBLAD

for


NORD-FRON

Nr. 3 • OKTOBER 2022 • Årgang 67

Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sødorp kyrkje



Foto: Bjørn K. Sletten

*Da jorden lå nyskapt fra Skaperens hånd
fikk mennesket det hele å styre;
foruten en sjel blev det også gitt ånd,
der skjenket det evner så dyre.
Det kunde da tyde den hellige lov:
å bruke det hele med lempe,
men ikke behandle naturen som rov
og sig selv som en drabelig kjempe*

Hanna Resvoll-Holmsen

www.nord-fron.kirken.no

TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor
Tlf 612 16 290
Kyrkjeverge og sekretær.
Grete Bakken
Tlf 612 16 290

KONTORTIDER:
Kl 09.00-13.00
og elles etter avtale

SOKNEPREST:
Gunnbjørg Oladottir
Tlf. kontor 612 16 293

SOKNEPREST:
Kvikne og Sødorp blir lyst ut

DIAKON:
Per Øyvind Fredin
Tlf. 95 78 78 24

TRUSOPPLÆRAR:
Per Øyvind Fredin
Tlf. 95 78 78 24

KYRKJEMUSIKAR:
Iren Falkenhaug, Mobil 96 73 95 50

ORGANIST:
Bernt Fauske, Tlf. 406 03 269

SØDORP SOKN
Soknerådsleiar:
Kirsten Dina Leine, Tlf. 901 01 690
Kyrkjeterar:
Frank Varpestuen/graver, Tlf 456 06 026
Kyrkjeterar Ivar Kvande
Tlf. 951 58 927

KVAM SOKN
Soknerådsleiar:
Egil Myhre
Tlf. 970 67 723
Kyrkjeterar:
Svein Fredrik Kjæstad
Tlf 908 45 584

KVIKNE SOKN
Soknerådsleiar:
Kristian Ekre
Tlf 612 95 832/911 31 563
Kyrkjeterar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

SKÅBU SOKN
Soknerådsleiar:
Unni Bøyum Kluge
Tlf 932 92 209
Kyrkjeterar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

FAMILIE-RÅDGJEVING
Familievernkontoret, Otto
Storgt 21, 2670 Otta
Tlf 612 30 536
Kl 09.00 – 14.00


Grafisk produksjon:
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.,
www.dg-trykk.no



HEIM OG KYRKJE



Døpte



Døde



Vigde

KVAM:
Marte Ruststuen
Eleah Tungen
(Ringebu stavkyrkje)

SKÅBU:
Haakon Kleiven (Bakkestugu)

KVIKNE:
Johan Edna
(Ekre sætra, Breistulen)

SØDORP:
Ola Bøye (Sør-Fron Kyrkje)
Ebba Olsen Iversen
(Sør-Fron kyrkje)
Malin Andersson

KVAM:
Jan Myren (urnenedsetting)
Aud Ingrid Hagen
Randi Klomstad (bisettelse)
Hans Hansen
Marit Holen

SKÅBU:
Marina Louise Rich (urnenedsetting)
Kvikne: Magne Bekkesletten

SØDORP:
Signe Morken
Jørgen Brustugun
Kari Eli Galstad (bisettelse)
Bjarne Kolbjørn Hvattum
Petter Arne Stormyren
Trond Solberg
Johannes Rygh
Petra Sigstad
Randi Margrethe Rosenborg (bisettelse)
Iver Fagervold
Ingrid Teide Melby
Kari Båtberget
Karl Johan Hvattum
Kari Marie Byrløkken Nermoen

vipps

VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

KVIKNE: 137266 SØDORP: 135692
KVAM: 113553 SKÅBU: 115389

Kyrkjekontorets e-post-adresse: grete.bakken@nord-fron.kommune.no

Heimeside: www.kirken.no/nord-fron

NESTE NUMMER

av Kyrkjeblad for Nord-Fron kjem ut før jul.
Frist for stoff: 7. november.

KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Redaktør for kyrkjebladet er Bjørn Kjellsson Sletten, bjorn.sletten@gmail.com.
Redaksjonskomite: Unni Bøyum Kluge (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),
Morten Sylte (Kvam) og Aase Toxe Tveit (Sødorp).

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra
Kontonummer: 2095.49.59768

Ein av desse blir vår nye biskop

Eit samstemt Hamar bispedømmeråd har nominert fem kandidatar til å bli biskop etter Solveig Fiske. – Alle desse kandidatane vil kunne bli gode biskopar i Hamar og vil på kvar sin måte kunne vidareføre Hamar bispedømme sin visjon «Heilage rom for alminnelege liv», seier bispedømmerådsleiar Gunhild Tomter Alstad.

– Kandidatane representerer sterkt teologisk kompetanse, har ulike erfaringar frå leiing i kyrkje og samfunnsliv og variert internasjonal erfaring. Vi har sett etter kandidatar som vil vidareføre folkekirkjetradisjonen i Hamar bispedømme og som kan arbeide både i breidde og i djubda i kyrkja og samfunnet. Vi har ønskt oss ein samlande biskop med gode leiareigenskapar og som har visjonar for kyrkja og dens plass i samfunnet. Det er viktig for oss at biskopen kommuniserer breitt og tydeleg lyfter fram kyrkja sin bodskap inn i samtida vår, held bispedømmerådsleiaaren fram.

Da bispedømmerådet ba offentlegheita om forslag på navn til kandidatar, kom det inn 222 forslag som fordele seg på 93 kandidatar. Alle forslaga er grundig vurdert. Bispedømmerådet sin leiar har sett stor pris på forslaga som ho seier har vore til god hjelp forrådet.

Nå er fem kandidater valt ut etter intervju og behandling i Hamar bispedømmeråd. Rådet vurderer det slik at alle fem vil vera godt eigna til å bli biskop i Hamar bispedømme. Etter rådet si avgjerd blir det opna for supplerande nominasjon.

Her er dei nominerte kandidatane (i alfabetisk rekkefølge):

- Ole Kristian Bonden
- Hege Elisabeth Fagermoen
- Tor Even Fougnér
- Raag Rolfsen
- Margunn Sandal

Kandidatene vart djubdeintervjuet og presentert gjennom eit arrangement i Hamardomen 13. september.

Etter presentasjonen er nominasjonen sendt ut til avstemming.

Alle som skal ha den nye biskopen som arbeidsgivar og tilsynsansvarleg skal kunne seie si mening.

Mange instansar har ulike roller i nominasjon, avstemming og tilsetjing av ny biskop i Hamar. Kirkerådet tilset ny biskop i sitt møte i Hamar 10. - 11. november 2022.



I alfabetisk rekkefølge fra venstre; Ole Kristian Bonden, Hege Elisabeth Fagermoen, Tor Even Fougnér, Raag Rolfsen og Margunn Sandal.

Gjenvalgt som kirkerådsleder



Kristin Gunleiksrud Raaum er gjenvalgt som kirkerådsleder.
Foto: Den norske kirke

Kristin Gunleiksrud Raaum gjenvalgt er gjenvalgt som kirkerådsleder for to nye år. Kirkerådslederen er den øverste folkevalgte lederen i Den norske kirke.

Raaum har ledet Kirkerådet siden 2016, og ble gjenvalgt på kirkerådsmøtet 23. september.

– Kirken skal være mer for flere, det vil jeg bidra til de neste årene. Jeg er dypt takknemlig for tilliten Kirkemøtet har vist meg, sier kirkerådsleder Kristin Gunleiksrud Raaum.

99 av de 110 stemmeberettigede tilstede stemte på Raaum. Det var ingen motkandidater.

Kirkemøtet er samlet i Trondheim 21.-26. september. På møtet behandles blant annet saker om ny kirkelig organisering, kirken som økonomisk aktør og ansvarlig forvalter og ny rekrutteringsstilling som prest under utdanning.

Muhammed Ali på olsokmesse

Det har vore arrangert setermesser i Nord-Fron i god tradisjon i år som før.



På Ekre seter var det 47 personar som deltok på setermesse.



Odd og Hilde Kristin Skogen på Skogen seter.
I sommar var det messer blant anna på Ruststuguseter 10. juli, Olsok på Sødorp Bygdatun 29. juli og Ekre seter på Breistulen 14. august.
Det vart ei stemningsfull og triveleg setermesse, med Gunnbjørg prest i selet hos Hilde Kristin og Odd Skogen. Organist Bernt Fauske, stilte velvillig opp med el-piano. Etter ei fin messe spanderte Sødorp sokneråd kyrkje-kaffi. Om lag 15 personar var med på denne messa.

Supermann på Breistulen

Det har vore variabelt oppmøte. På Ekre seter var det 47 personar som deltok. Som i alle gudstenester er det preike frå presten. På Sødorp bygdatun var det samla 17 personar. Her preika Gunnbjørg om betydinga av roller, og spesielt tenar-rolla som Jesus lyfta fram som den mest



Olsokmesse 29. juli 2022 på Sødorp bygdatun.

sentrale i Guds rike. Ho opna preika med å sitere frå ei lita historie:

Tidligere verdensmester i tungvektboksing, Muhammed Ali, var kjent for ofte å skryte «Jeg er den største». Rett før avgang på et flyselskap, minnet flyvertinnen Ali på å feste sikkerhetsbeltet. "Supermann trenger ikke noe belte" sa Ali til henne. Flyvertinnen svarte: "Supermann trenger heller ikke noe fly." Ali festet sikkerhetsbeltet.

Vektla omsorg

Preika understreka vidare visjonen om eit fellesskap av tilhengjarar prega av sårbarheit, maktesløyse, mangel på status og fråværet av søken etter storheit (audmjukskap), der ein vektlegg omsorg, snarare enn konkurranse med andre.

Vegen Jesus snakka om lyfta opp møter og dialog mellom fellesskapsmedlemar som har til hensikt å gi liv. Og på setermesse slik som dette, er det sentrale å møtast, og ha den gode samtala med kvarandre.



Bernt Fauske og Gunnbjørg Oladottir på Ekre seter.

Vil ha fleire leseombod

Har du lyst til å bli leseombod?

I april søkte Nord-Fron bibliotek etter leseombod til Sundheim for å lese høgt for dei som ikkje kan lese sjølv. Ein av dei som meldte seg var Per Øyvind Fredin, som er diakonimedarbeidar knytta til Nord-Fron kyrkjelege fellesråd. Ein av kyrkja sine diakonale arenaer er Sundheim, kor dei held andaktar kvar onsdag.

- Diakoni har til hensikt å skape møteplassar og mening i folks liv, og det å vera leseombod og lese for dei som ikkje kan lese sjølv er eit bidrag til å tene i menneske sine liv, fortel Per Øyvind.

Den norske kyrkja sitt diakonale verksemderområde «Kampen for rettferd» kan sjåast i ljós av FNs berekraftsmål nummer 10: «Mindre ulikheit». Målet handlar om å sikre like mogleikar og redusere forskjellar i levekår, og sikre tiltak for å nå dette målet.

Smil og glede

Høgtlesing på Sundheim kan skape mening i kvardagen til personane der her og nå.

- Lesestundene er ei positiv oppleving, der tilhøyrarane responderer med smil og glede, og nokre blir av og til rørt og, fortel Per Øyvind.

Han har lese alt frå norske folkeeventyr og segner, til historier av Prøysen og forteljingar frå lokalsamfunnet vårt. Biblioteket kan hjelpe til med å finne fram bøker og historier som kan eigne seg til høgtlesing.

Det er ønske om fleire leseombod frå hausten av. Om du ønskjer meir informasjon eller vil melde deg som leseombod så kan du ta kontakt med Per Øyvind eller Nord-Fron bibliotek.

Kontaktinfo

Per Øyvind: per.fredin@nord-fron.kommune.no Mobil: 401 65 789

Nord-Fron bibliotek: bibliotek@nord-fron.kommune.no Telefon: 612 16 220



Fv.: Marianne Bøe Jervell (Nord-Fron bibliotek), Per Øyvind Fredin (Kyrkja i Nord-Fron) og Laila Fjellseth (Nord-Fron kommune - Frivilligsentralen).

Åpen kirke i Skåbu

Også i sommer klarte vi å holde kirken åpen for gjester tre dager i uken, takket være frivillige omvisere. Åtte guider, både soknerådsmedlemmer og andre, tok i mot og viste rundt trivelige gjester både fra inn- og utland. Besøket begynner å ta seg opp igjen etter pandemi-årene, og i år var tett oppunder 400 gjester innom.

Bortsett fra nordmenn var Nederland og Tyskland sterkest representert, og i år kom flere enn før også fra Belgia.

Hjertelig takk til guidene! Gjestene setter stor pris på å få komme innom og se og høre om den vakre kirken vår, og uten dere hadde ikke det vært mulig.



Også i år har det vært åpen kirke i Skåbu. Her illustrert med bilde fra årets høsttakkefest.

Kva kan vi gjere for deg?



35 personar var med på diakonal sommardag i kyrkjestugu i Södorp.

Store spørsmål og nokre svar da vi arrangerte diakonal sommardag 24. august i kyrkjestugu i Södorp.

Vi var samla 35 personar denne seinsommardagen i august.

Eit sentralt spørsmål i diakonien er «Kva kan eg gjere for deg?». Dette spørsmålet er veldig ope. Som mottakarar av dette spørsmålet, kan vi nær sagt svare alt mogleg. Vi kan svare «eg ynskjer fred på jord». Men likevel er spørsmålet veldig lukka. Og det skjønar båe partar i ei samtale. For det er begrensningar for kor mykje vi kan gjere i kvarandre sine liv. Vi som tenrarar har våre begrensningar. Spørsmålet er begrensa av kven vi er. Ingen av oss aleine kan skape varige livsendringar i kvarandre sine liv. Det er opp til kvar enkelt. Om vi ynskjer å trenre eller vera aktive, kan vi ikkje bære kvar-

andre fysisk, men vi kan bære kvarandre sosialt, og synne forståing for ulike livssituasjonar. Kanskje vi er trøytte, på ulike måtar. Men det vesle vi kan gjere, kan likevel bety veldig mykje.

Sabeltann og englar

På denne dagen tilrettela kyrkja eit møtepunkt der vi serverte tomatsuppe, vaflar, saft og kaffi. Vi song nokre songar som vi hadde plukka ut, og så fekk alle kome med eigne ynskjesongar. Til slutt «opna vi scena», slik at alle som ynskja å opptre, fekk presentert sine favorittsongar. Vi fekk høyra både «Kaptein Sabeltann» og «Jag trodde änglarna fanns» - og i ei kyrkje treng vi englar som kan tene, anten vi serverer tomatsuppe eller kaffi.


Rom for sakn



DEN NORSKE KYRKJA

70 år med trøyst og frelse

I desse dagar er det 70 år sidan nye Kvam kyrkje stod gjenreist frå oska etter verdskrigen.



Kvam kyrkje i dag. Foto: Sissel Tangen.

Det er den av kyrkjene våre som har den mest dramatiske historia. Kvam kyrkje - opphavelig bygd i 1776/1777 vart totalt øydelagt under kampane i Kvam under andre verdskrig. Sju år etter freden, i oktober 1952, vart den nye kyrkja endeleg vigsla.

Kyrkjene i Kvam

Den fyrste kyrkja vi veit om i Kvam var den gamle stavkyrkja ved Vik. Ho er omtala i stiftsboka 1574-77, men det er ikkje kjend når ho vart bygd. Etter kvart vart ho for lita for folketalet, og ein meiner ho vart rivi i 1776 eller noko seinare. Ved sida av nokre stokkar og ei dør er det berre gravsteinen til Georg Sinclair som finst att av synlege minne om kyrkja ved Vik.

I åra 1775-77 vart det tømra ei ny kyrkje i Kvam ca. 1,5 km lenger nord.

Den gamle kyrkja hadde behov for oppussing utpå 1900-tallet. Tårnet luta, golvet måtte skiftast ut, og benkane var heller ikkje gode. Det var utarbeidd planar og løvd midlar vinteren 1940. Så kom krigen, og på kvelden den 26. april vart kyrkja offer for krigshandlingane, og brende ned til grunnen saman med inventaret samt andre bygg som stallen, vedskålen og uthuset til kyrkjestugu).

"Et syrgjeleg syn"

"Det var eit syrgjeleg syn. Det var som om heile bygda brann, hus og mark. Røyken låg tjukk over alt. No og da kom ein veik vindpust og sopa han vekk." Slik skildrar N. N. Ringdal kvamsbygda etter kampane i dei tre aprildagane.

Ragnar Øvrelid skriv i Historia om Fron at "kyrkja frå 1777 var ein oskehaug, berre kapellet stod att."

Om lag 70 hus i Kvam brente ned under krigshandlingane i april 1940. Det som finst att av den gamle kyrkja er den minste kyrkjemlokka, det smidde spiret og ei inngangsdør.

Det var ikkje byggeverksemder her under krigen, men

allereie i 1940 vart Magnus Poulsøn kontakta som ønska arkitekt for ei ny kyrkje, eit oppdrag han raskt takka ja til. Etter det tok både planlegginga og byggeprosessen relativt lang tid, og kyrkja vart ikkje innvigd før den 12. oktober 1952, over tolv år etter at den førre hadde brent.

Byggmeister var Anders Haverstad. Edvard Bakkom frå Lalm skar biletuskurden i altartavla og dei andre skulpturane.

Mathias Fjærtingen og Anders Johnsgård frå Heidal skar preikestolen og all utskurd elles. Takmålinga over midtskipet er av Arve Hagen frå Tretten, medan Magnus Poulsøn måla akantusutsmykkinga ved trappeoppgangane til galleria. Målararbeidet ellers vart gjort av Karl Krog frå Oslo og Trygve Slåen frå Kvam.

Smiarbeidet både på dørene og spiret vart gjort av Sigurd Kloppen frå Sjoa. Dei to kyrkjemlokkekene er støypt av Olsen Nauen.

Dei vakre orda som står på klokka, skrivi av Einar Hovdhaugen og N. Ringdal, er verdt å minne om i anledning 70-årsjubileet:



Inskripsjonen på klokka i Kvam kyrkje. Foto: Bjørn K. Sletten.



Gamle Kvam kyrkje. Foto: Jørgen Elstad.


*"Her frå Herrens eige bus,
reist på ny or brann og grus,
helsar klokkeklangen
kyrkjefolk på vangen.*

*Veit du ikkje mål og med,
her er livsens von og fred.
Her finst sjelehelse.
Her finst trøyst og frelse."*

Kjelder: Ragnar Øvrelid "Historia om Fron", N. N. Ringdal "Ei bygd opplever krigen", norske-kirker.net, Kyrkja i Nord-Fron



Etter kampane i april 1940 vart tyske soldatar begravd på kyrkjegarden i Kvam. Dei vart seinare flytta til Oslo.



I desse dagar er det 70 år sidan nye Kvam kyrkje stod gjenreist frå oska etter verdskrigene.

Folkemusikkmesse i Kvam

4. september arrangerte Kvam kyrkje i Nord-Fron i samarbeid med lokale musikarar ei folkemusikkmesse. Video fra messa finn du på kyrkja sin Youtube-kanal, Kyrkja i Nord-Fron og på kyrkja si Facebook-side, Kyrkja i Nord-Fron. Her er eit utval musikk frå messa redigert og satt sammen. Blant anna er Mukampen spelemannslag, Leif Inge Schjølberg og Dag Gården med i videoen frå Kvam.



Vellykka konfirmantleir

2023-konfirmantane og ungdomsleiarar frå Nord-Fron var i juni saman med konfirmantar frå Dovre og Dombås på leir på Nordfjord folkehøgskule.



2023-konfirmantane og ungdomsleiarar frå Nord-Fron var i juni saman med konfirmantar frå Dovre og Dombås på leir på Nordfjord folkehøgskule.

Konfirmantleiren er etterkvart vorte ein fin tradisjon, og varte denne gongen frå måndag 20. til torsdag 23. juni.

På leiren følgde konfirmantane ulike aktivitetar og undervisning med friskt mot, i skiftande vær.

- Dei har teke del i samhandlingsløype i skogen, og vore på båttur. Dei har sunge salmar og sett seg inn i bibelske tekstar og diakoni. Dei har lært om grenser i teori og praksis. Mange konfirmantar stilte sporty opp på morgenbad, og prøvde fiskelykka på ettermiddagene, fortel diakon Per Øyvind Fredin.

Filmkveld og quiz

Den fyrste kvelden var det leirkveld med grilling på plassen framfor skulen.

- Tysdag hadde vi filmkveld, med påfølgjande quiz. Festkvelden på onsdag starta med Frans av Assisi sin bøn og diakonal handvask, og fortsette med festmiddag. Etter



Leiren vart avslutta med gudsteneste i Vereide kyrkje, der konfirmantane las sine eigne bøner og deltok i liturgiske handlingar med god stil.



Konfirmantane var engasjerte, og uttrykte det med høge «amen», og song høgt på «Måne og sol».

dette var det tid for underhaldning i «Ljosborg», der vi fikk oppleve fantastiske underhaldningsinnslag frå konfirmantar, ungdomsleiarar og vaksne, fortel Fredin.

Engasjerte konfirmantar

Leiren vart avslutta med gudsteneste i Vereide kyrkje, der konfirmantane las sine eigne bøner og deltok i liturgiske handlingar med god stil.

Ungdomsleiarane frå Nord-Fron illustrerte bibelforteljingar med små skodespel/tablå kvar gong det var samling

i kyrkja. Dette gjorde dei også under den siste gudstesta. Konfirmantane var engasjerte, og uttrykte det med høge «amen», og song høgt på «Måne og sol».

Per Øyvind Fredin fortel om godt humør og gode dagar.

- Konfirmantane har vore tolmodige, samarbeidsvillige, og har vist godt humør. Vi rettar ein spesiell takk til ungdomsleiarane og dei frivillige som stilte opp for konfirmantane denne veka, og gjorde ein strålende jobb!

Begivenhetsrik Bakkestugu-sommer

Sommeren i Bakkestugu har vært begivenhetsrik. 244 personer har vært innom, fordelt på arrangementer og på åpne dager.

I begynnelsen av juli var den faste Bakkestugudagen, med vandring, friluftsgudstjeneste og kirkekaffe. Særlig trivelig var det at det også i år var barnedåp!

Under Skåbu, Liv Lågå- dagene senere i måneden arrangerete Bakkestugus Venner årets første kulturdag, med tema fra vannkraftutbyggingen: «Da det ble lys i Bakkestugu.» Eva Kjøge og Hans Sletten foredro om temaet for 65 interesserte tilhørere.

Og jammen slo venneforeningen til med enda en kulturdag, 10. september! Da fikk 45 gjester høre et usedvanlig interessant foredrag om Dyrevelferd og dyrestell i gamle dager, ved Gudbrand Bakken. Flott underholdning var det også, ved folkemusikktrioen Ferist'un. Super-flinke jenter, både på fele og vokal! Og siden Bakkestugu i sommer har fått ny redskapsbod, kunne fjøset ryddes og innvies som fjøs igjen. Og hvem ellers skulle stått for

innvielsen, andre enn to geiter! Utlånt for anledningen og fulgt av «hyrde» Andreas Kjøge.

En aktiv venneforening er gull verdt! Takk til alle som tegner medlemskap og gir foreningen et økonomisk grunnlag for aktivitet, og takk til leder Eva Kjøge og styret!




Folkemusikktrioen Ferist'un i aksjon i Bakkestugu.



To geiter markerte gjenåpningen av fjøset i Bakkestugu.

Frå skaparverk til nattverd



STØRST AV ALT

5-årssamling i Skåbu

5-åringane i Skåbu og Kvikne vart invitert til samling i kverna i Skåbu og i Bakkestugu. I kverna snakka vi om korleis korn blir til mjøl og kva vi bruker mjøl til. Etter at vi hadde sett på kverna, reiste vi ned til Bakkestugu kor 5-åringane vart fortald om nattverd av Jens Petter Ous. Etterpå var dei med Linnea Bakken og steikte avletter som skulle brukas på hausttakkefestgudsteneste søndag 11.september. Avletter er en rundt tynn kake som blant anna blir brukt til nattverd i kyrkja. Ungane synes det var veldig artig å steike avletter. Dei fekk smake på avlettene dei hadde vore med å steike, dei syntest at dei smakte veldig godt.



5-åringane i Skåbu og Kvikne vart invitert til samling i kverna i Skåbu og i Bakkestugu.

4-årssamling i Kvikne

4-åringane i Kvikne var invitert til Kvikne kyrkjestugu der dei lærte om skaparverket. Vi gjekk ut og plukka blomar, steinar, lauv, gras og pinnar for å lage naturbilder. På denne måten fekk barna vera kreative, og bruke Guds skaparverk til å lage ny kunst. På hausttakkefesten vart kunsten deira vist frem i kyrkja.

Ingen kyrkje utan god mat og drikke. Barna komponerte eigne unike muffins med glasur og godteri. Så vart det lese fra 4-års boka som dei fekk på hausttakkefest same veke. 4-åringane vart kjent med songane "Kven har skapt alle blomane" og "Måne og sol".



5-årssamling i Kvam

Ella laga ein heil boks med avletter.



Linnea og Ella steiker avletter til hausttakkefest i Kvam.



4-årssamling i Kvam

På 4-årssamlinga i Kvam møtte Oda, far, og katten hennar, Pepsi opp.

Oda og katten hennar, Pepsi.

VELKOMMEN
TIL KYRKJETEATER!

Kirke rottene

Velkome til dokketeater

Kirkerottene og Lea Mus

Søndag 30.oktober kl. 12.00 i Kvam kyrkje

Eit profesjonelt og artig dokketeater for barn i alle aldre!

Dørene opnar kl. 11.45. Etter forestilling serverer vi rottebollar
og saft!



SpareBank
GUDBRANDSDAL 
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no

Vinstra;libris

Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no
www.libris.no/vinstra



HÅREK
FRISØRSALONG
-KVAM-

Vekstra
Regnskap Gudbrandsdalen 

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang
Tlf 61 29 52 70

Plass for din bedrift?
Støtt Kyrkjebladet!

 **Dale-Gudbrands**
Trykkeri a.s.
2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.

www.dg-trykk.no

OM Bakken Bygg AS
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER

Lomoen - Vinstra
Tlf. 61 21 60 00
Fax 61 21 60 01

CIRCLE K

Vinstra.
Tlf 61 29 04 01

 **TOYOTA**

 **DOKKEN BIL AS**

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota

 **Hageland**
Bjørke

Tlf 915 750 74
Vi hjelper deg med blomster til
begravelse og andre anledninger.

 **Bakken**
Begravelsesbyrå Tlf. 47 68 22 27



SENTRUMS
HJØRNET

Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

 **JOBE**
GRAVSTEINSERVICE AS

- Innskriftsjoner
- Oppussing
- Omsliping

Arbeidet utføres på kirkegården.

Raskt tilbake.

Mobil: 412 56 304

Epost: post@jobegravsteinservice.no

BE Sanden Bygg A

Tlf. 905 94 187 Bjørn Einar



Plass for din bedrift?
Støtt Kyrkjebladet!

Peer Gynt Seterveg

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km. Den møter Kvam Sterveg på grensa Sødorp/Kvam. Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!

Se og les mer på: www.peergyntseterveg.com

Plass for din bedrift?
Støtt Kyrkjebladet!

REMA
1000

Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00

CIRCLE K

Kvam
Tlf 61 29 44 30

KIWI **mini pris**

KIWI KVAM
TLF. 612 16 850

Fron Gravstellservice AS

v/ Beathe Malerbakken. Mobil: 992 72 372. E-post: bmalerbakken@gmail.com

Vi tek oss av stell av graver med planting vår, sommar og haust samt vatning. Vi kan også ordne med pynting til påske og jul.



Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.



SLANGEN SETER

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no



Minnesamvær, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.

Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.



Skåbu Servicesenter
Hos Rødhette & Ulven

- Restaurant • Bar
- Catering • Cafe
- Kokken hjem/På-hytta

61 29 55 86 - 975 62 208

2643 Skåbu - [facebook](#)

Velkommen

**coop
marked**

SKÅBU REGNSKAP AS

post@skaaburegnskap.no

Tlf.: 413 83 898

M MEDLEM
REGNSKAP
N NORGE



Vinstra Begravelsesbyrå AS
Lise Veikleengen, 99 58 29 43
Nina S. Veikleengen, 94 83 25 40
Døgnvakt!

STØTT KYRKJEBLADET!

Det kostar å drive "Kyrkjebladet for Nord-Fron".

Kontingenget er no kr. 150,- for 5 nummer (fyldig dobbelnummer til jul).

Betales inn til kontonr.

2095 49 59768

Vi har to inntektskjelder:

- Den friviljuge kontingenget • Støtte-annonserne (Service-sida)

Ekstra gåver kjem og godt med. Kyrkjebladet er viktig for arbeidet i kyrkjelydane.

VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

KVIKNE: 137266 • SØDORP: 135692 • KVAM: 113553 • SKÅBU: 115389

Takk for di støtte!
Helsing redaksjonen

Gudstenester i Nord-Fron 2022

	SØDORP	KVAM	KVKNE	SKÅBU
17.s.i treeiningstida 2.oktober Mark 5,35-43	19.00 Kyrkja Kvelds-messe Konfirmantpresentasjon	11.00 Høgmesse Nattverd		
18.s.i treeiningstida 9.oktober Mark 1,40-45			11.00 Hausttakkefest Nattverd.	
20.s.i treeiningstida 23.oktober Matt 18,1-11	17.00 Kyrkja Eftasmesse Nattverd.	11.00 Høgmesse Nattverd.		11.00 Høgmesse. Nattverd
Bots- og bededag 30.oktober Luk 15,11-32	11.30 Sundheim Høgmesse. Nattverd	17.00 Salmekveld		
Reformasjonsdagen? 31.oktober Joh 1,16-17	19.00 Kyrkja Kveldsmesse Konfirmantane deltek			
Helgemesse 6.november Joh 11,19-27	11.00 Kyrkja Helgemesse	17.00 Helgemesse	11.00 Helgemesse	19.00 Helgemesse
23.s.i treeiningstida 13.november Matt 24,35-44	11.00 Kapellet Høgmesse Nattverd			
Kristi kongsdag 20.november Joh 9,39-42		11.00 Høgmesse. Nattverd	19.00 Salmekveld	
1.s.i advent 27.november Matt 21,1-11	11.00 Kyrkja Familiegudsteneste «Lys vaken»			19.00 Salmekveld
2.s.i advent 4.desember Joh 14,1-4	19.00 Kyrkja Ljosmesse		19.00 Ljosmesse	
3.s.i advent 11.desember Matt 11,2-11		17.00 Ljosmesse		19.00 Ljosmesse
4.s.i advent 18.desember Luk 1,46-55	18.00 Kyrkja «Vi syng jula inn»		11.00 Familiegudsteneste Vi pyntar julereet	